



Fjord kommune

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Rådhus Valldal
Dato: 04.06.2026
Tid: Kl. 17:00 - 18:40

Medlemmer:	Parti
Jens Einar Aklestad	AP
Espen Heitmann	Frp
Ester Reidun Vinje Nilsen	H
Jan Are Remme	H
Lars Kristian Øvrebust	Sp
Terese Jemtegård Moen	Sp
Dagrun Agnes Vikesland	SV

Frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektør Bjørn Inge Ruset
Kommunalsjef Oppvekst og kultur Mariann R. Birkhol
Kommunalsjef Helse, omsorg og velferd Sindre Sjøvik Erstad
Økonomisjef Dag Olav Tennfjord
Fagleiar rekneskap Kari Slettebak
Sekretær Alexander Oudijk

Andre som møtte:

Styreleiar i Stordal Næringsbygg AS Ove Løfoll

Terese Jemtegård Moen
ordførar

Alexander Oudijk
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
046/26	Godkjenning av møtebok
047/26	Samarbeidsavtale PPT Stranda og Fjord
048/26	Årsmelding 2025 - Årsrapport 2025
049/26	Årsrekneskap 2025
050/26	Tertialrapport 30.04.26 - budsjettendringar
051/26	Finansrapport pr. 30.04.26
052/26	Framhald av det interregionalt samarbeid om rovviltproblematikk - beitedyr og jerv
053/26	Fornyng av vertskommunesamarbeid med NAV Ålesund
054/26	Fornyng av vertskommunesamarbeid og fullmakt til justering av avtalar
055/26	Revisjon av Barnevernsavtale 2027
056/26	Orienteringssaker
057/26	Referatsaker

Møtet starta med generalforsamling i Stordal Næringsbygg AS kl. 17:00 – 17:20.

Ingen merknader til innkalling.

Merknad til sakliste:

Ved ein feil har sak 053-26 og 054/26 samme saksframlegg og innstilling. Sak 053/26 Fornyng av vertskommunesamarbeid med NAV Ålesund er korrekt.

Sak 054/26 har feil saksframlegg og vedlegg. Denne skulle behandle avtale om vertskommunesamarbeid for interkommunale helstenester (tenesteområde krisesenter og legevakt natt, legevakt helg/kveld/dag, ØHD, vold i nære relasjonar og legevakt avd. Ørskog).

Orienteringar frå ordføraren:

- **Innspel til Sunnmørsk Transportplan.** Ordførar har svart på ei spørjeundersøking som innspel til Sunnmøre Regionråd sitt arbeid med Sunnmørsk Transportplan. Arbeidet er i oppstartsfasen og spørjeundersøkinga er ein del av innsiktsarbeidet til planen. Arbeidet skal uansett forankrast i arbeidsgruppa, styret, representantskapet og kommunestyra.
- **Jerveproblematikk.** Interregionalt samarbeid for beitedyr og jerv har fått til besøk i Skjåk 9. juni med klima- og miljøminister og landbruk- og matminister. I tillegg har styret i Utmarkskommunenenes Sammenslutning (USS) godkjent at ein skal sjå nærare på korleis bønder innanfor jerveforvaltningssona kan få erstatning for tapt beiterett.
- Jobbar med å svare ut **spørsmål frå Frp**, men har ikkje fått tak i all info enno. Vert svart ut til førstkomande kommunestyremøte
- **Folkemøte Liabygda 17. juni** kl 18-20 i regi av Fjord og Stranda kommunar.
- **Folkemøte i Eidsdal 01. september** kl 18-20; **Tema: Levekårsplan høyring. Mulegheitsstudie Eidsdal og Stordal**

- **Stranda kommune sitt framlegg til ordlyd for økonomisk oppgjør i samband med grensejustering Liabygda:**

I samband med at oppdrettsanlegg på Urdaneset og Overåneset vert omfatta av grensejustering Liabygda, inngår Stranda og Fjord kommunar slik avtale om fordeling av midlar frå havbruksfondet og eigedomsskatt knytt til anlegga for ein overgangsperiode på 15 år fom. tildelinga for 2027 (år 1):

75 % av midlane som Fjord kommune årleg mottok frå havbruksfondet for dei to anlegga, skal verte tilgodesett Stranda kommune for kvart av åra 1-4, 50 % for midlane i år 5-8, 25 % for midlane i år 9-12 og 12,5 % for midlane i år 13-15. Fom. år 16 (2042) skal Fjord kommune behalde tildelinga frå havbruksfondet fullt ut.

75 % av midlane som Fjord kommune årleg mottok som eigedomsskatt for dei to anlegga, skal verte tilgodesett Stranda kommune for kvart av åra 1-4, 50 % for midlane i år 5-8, 25 % for midlane i år 9-12 og 12,5 % for midlane i år 13-15. Fom. år 16 (2042) skal Fjord kommune behalde midlane fullt ut.

Dersom Fjord kommune får ekstra eingongstildeling frå havbruksfondet viss det er lagt til rette for oppdrett gjennom å klarere nytt areal innanfor grensejusteringsområdet, skal Stranda kommune ha halvparten av denne eingongstildelinga utbetalt i perioden fram til og med 2041.

046/26: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Formannskapet 04.06.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 046/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

047/26: Samarbeidsavtale PPT Stranda og Fjord

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Fjord kommune godkjenner vedlagt samarbeidsavtale om pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) med Stranda kommune.
2. Avtalen gjeld frå 01.01.27

Formannskapet 04.06.2026:

Behandling:

Saka vart drøfta.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 047/26 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

1. Fjord kommune godkjenner vedlagt samarbeidsavtale om pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) med Stranda kommune.
2. Avtalen gjeld frå 01.01.27

048/26: Årsmelding 2025 - Årsrapport 2025

Kommunedirektøren si innstilling:

Årsmelding 2025 - Årsrapport 2025 for Fjord kommune vert godkjent

Formannskapet 04.06.2026:

Behandling:

Ordføreren Terese Jemtegård Moen (Sp) hadde følgjande kommentarar til Del B – Årsrapport 2025:

- Feil benevning på råd i politisk organisering – råd for personar med funksjonsnedsetting
- Feil i medlem kontrollutval – ny vara inn for Per Einar Linge-Johansen
- Feil benevning – ikkje partssamansett utval med administrasjonsutval

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 048/26 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Årsmelding 2025 - Årsrapport 2025 for Fjord kommune vert godkjent

049/26: Årsrekneskap 2025

Kommunedirektøren si innstilling:

Årsrekneskap 2025 for Fjord kommune vert godkjent.

Formannskapet 04.06.2026:

Behandling:

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 049/26 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Årsrekneskap 2025 for Fjord kommune vert godkjent.

050/26: Tertialrapport 30.04.26 - budsjettendringar

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Tertialrekneskap 30.04.26 vert teke til vitande

2. Endringer i driftsbudsjett vert vedteke i samsvar med kap 5
"Budsjettdringar" i Tertialrekneskap 30.04.26

Formannskapet 04.06.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 050/26 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

1. Tertialrekneskap 30.04.26 vert teke til vitande
2. Endringar i driftsbudsjett vert vedteke i samsvar med kap 5
"Budsjettdringar" i Tertialrekneskap 30.04.26

051/26: Finansrapport pr. 30.04.26

Kommunedirektøren si innstilling:

Finansrapport for 1. tertial 2026 vert godkjent

Formannskapet 04.06.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 051/26 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Finansrapport for 1. tertial 2026 vert godkjent

052/26: Framhald av det interregionalt samarbeid om rovviltproblematikk - beitedyr og jerv

Kommunedirektøren si innstilling:

Formannskapet delegerer til ordførar/varaordførar ut inneverande kommunestyreperiode å delta i det interregionale samarbeidet om rovvilt- og beiteproblematikk, for å fremja etterleving av den todelte målsetjinga i tråd med rovviltforliket og vedlagt felles erklæring, og å støtta landbruksnæringa i distriktet. Prinsipielle saker vert handsama politisk. Kostnader vert handsama i kommunen sitt budsjett.

Formannskapet 04.06.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 052/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Formannskapet delegerer til ordførar/varaordførar ut inneverande kommunestyreperiode å delta i det interregionale samarbeidet om rovvilt- og beiteproblematikk, for å fremja etterleving av den todelte målsetjinga i tråd med rovviltforliket og vedlagt felles erklæring, og å støtta landbruksnæringa i distriktet. Prinsipielle saker vert handsama politisk. Kostnader vert handsama i kommunen sitt budsjett.

053/26: Fornyng av vertskommunesamarbeid med NAV Ålesund

Kommunedirektøren si innstilling:

Innlemminga av Liabygda i Fjord kommune krev ei oppdatering og vidareutvikling av eksisterande vertskommunesamarbeid med NAV Ålesund. Gjennom å gje administrasjonen fullmakt til å justere avtalen, legg kommunestyret til rette for eit koordinert, framtidsretta og likeverdig tenestetilbod i heile kommunen.

Formannskapet 04.06.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 053/26 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Innlemminga av Liabygda i Fjord kommune krev ei oppdatering og vidareutvikling av eksisterande vertskommunesamarbeid med NAV Ålesund. Gjennom å gje administrasjonen fullmakt til å justere

avtalen, legg kommunestyret til rette for eit koordinert, framtidsretta og likeverdig tenestetilbod i heile kommunen.

054/26: Fornyng av vertskommunesamarbeid og fullmakt til justering av avtalar

Kommunedirektøren si innstilling:

Innlemminga av Liabygda i Fjord kommune krev ei oppdatering og vidareutvikling av eksisterande vertskommunesamarbeid med NAV Ålesund. Gjennom å gje administrasjonen fullmakt til å justere avtalen, legg kommunestyret til rette for eit koordinert, framtidsretta og likeverdig tenestetilbod i heile kommunen.

Formannskapet 04.06.2026:

Behandling:

Nytt forslag, foreslått av Terese Jemtegård Moen, Senterpartiet

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen. Administrasjonen førebur saka med rett saksframlegg og tilhøyrande vedlegg slik at den kan behandlast i kommunestyremøtet 18.06.26.

Ved ein feil har sak 053-26 og 054/26 samme saksframlegg og innstilling. Sak 053/26 Fornyng av vertskommunesamarbeid med NAV Ålesund er korrekt.

Sak 054/26 har feil saksframlegg og vedlegg. Denne skulle behandle avtale om vertskommunesamarbeid for interkommunale helstenester (tenesteområde krisesenter og legevakt natt, legevakt helg/kveld/dag, ØHD, vold i nære relasjonar og legevakt avd. Ørskog).

Ordføraren føreslo om å sende sak 054/26 tilbake til administrasjonen, slik at administrasjonen kan førebu korrekt sak til behandling i neste kommunestyremøte 18.06.26.

Kommunedirektøren si innstilling vart sett opp mot nytt forslag til vedtak frå ordføraren Terese Jemtegård Moen (Sp) om å sende saken tilbake til administrasjonen.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

Nytt forslag - Nytt forslag: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Terese Jemtegård Moen (Sp)

FS- 054/26 Vedtak:

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen. Administrasjonen førebur saka med rett saksframlegg og tilhøyrande vedlegg slik at den kan behandlast i kommunestyremøtet 18.06.26.

055/26: Revisjon av Barnevernsavtale 2027

Kommunedirektøren si innstilling:

Endringane sikrar ein oppdatert avtale som speglar dagens organisering i vertskommunen og justerer tidsfristar for budsjettarbeidet ut i frå erfaringar som er gjort fram til no i avtaleperiode.

Formannskapet 04.06.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 055/26 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Endringane sikrar ein oppdatert avtale som speglar dagens organisering i vertskommunen og justerer tidsfristar for budsjettarbeidet ut i frå erfaringar som er gjort fram til no i avtaleperiode.

056/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Formannskapet 04.06.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 056/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

057/26: Referatsaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Referatsakene blir tatt til orientering.

Formannskapet 04.06.2026:

Behandling:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 057/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Referatsakene blir tatt til orientering.